

MOR COURAGE
OG BARNA HENNAR



**DET
NORSKE
TEATRET**

HISTORIA OM MOR COURAGE

Mor Courage vart ho kalla
ho var visst ei modig mor
Det var seg i Tredveårskrigen
med handelsvarer ho for

Ho var ikkje redd for krigen,
ville tene seg ein slant
Ho tok med seg alle tre borna
så slapp dei bli raka fant

Den eldste fall fordi han var helt
den andre var alt for flink
Dottera var alt for hjartegod
så ho vart ein enkel blink

Gjendikta av Ola E. Bø og Mari Moen

DIE GESCHICHTE VON DER MUTTER COURAGE

Es war einmal eine Mutter
War Mutter Courage genannt
Sie zog im Dreissigjährigen Krieg
Als Händlerin durch das Land

Sie hatte keine Furcht vorm Kriege
Wollt machen ihren Schnitt
Und nahm, dass sie auch was kriegten
Ihre drei Kinder mit

Ihr Ältester fiel, weil er ein Held war
Der zweite, weil er zu brav
Die Tochter hatt` ein zu gutes Herz
Als sie die Kugel traf

Bertolt Brecht, frå *Neue Kinderlieder* (1950)



Nacionalbiblioteket

Depolbiblioteket



MOR COURAGE OG BARNNA HENNA

AV BERTOLT BRECHT

OMSETJING: ARNLJOT EGGEN

Mor Courage **ANE DAHL TORP**

Katrin, den stumme dotter hennar / Soldat / Den unge bonden **THERESE SLOB**

Eilif, den eldste sonen / Soldat / Tymeisteren / Spion / Fenrik **JOACHIM RAFAELSEN**

Sveitserosten, den yngste sonen / Feltherren / Soldat / Bonde **ODDGEIR THUNE**

Sersjanten / Feltpresten / Soldat **EIVIN NILSEN SALTHE**

Kokken / Soldat **PÅL CHRISTIAN EGGEN**

Yvette Pottier / Vervaren / Soldat / Ei bondekone **KAIA VARJORD**

BAND

Gitar **STIAN KÅRSTAD**

Trommer **ØYVIND MYRVOLL**

Bass og vokal **PETER MICHAEL KOLSTAD VEGEM**

PREMIERE 13. FEBRUAR 2015 PÅ HOVUDSCENEN

FØLG OSS



Facebook: [detnorsketeatret](#)

Twitter: [@detnorsketeatre](#)

Instagram: [#detnorsketeatret](#)

Regissør **LARS-OLE WALBURG**
Scenograf **ROBERT SCHWEER**
Kostymedesignar **NINA GUNDLACH**
Lysdesignar **HEIKO WACHS**
Komponist **MORTEN BERGETON IVERSEN**
Lyddesignar **VIBEKE BLYDT-HANSEN**
Dramaturg **MARI MOEN**

Inspisient **EMILIA DACZKOWSKA WIST**
Sufflør **AMUND SIGURDSSØNN KARLSEN**
Rekvisitør **FINN KIRKEBY**
Scenemeister **JON ERIK ROSENBORG**
Lysmeister **VIBEKE ANISDAL MYHRE**
Maskør og parykkmakar **KATI SJØGREN**
Kostymekoordinator **SARA ENGSTRÖM**
Regiassistent **ELLEN JERSTAD**

Omsetjing av *Songen om den store kapitulasjonen*: Ola E. Bø
Forlag: Nordiska ApS

Foto: L-P LORENTZ
I redaksjonen: ÅSNE DAHL TORP, MARI MOEN, IDA MICHAELSEN
Grafisk formgjeving: MAKING WAVES
Trykk: PRINT HOUSE



Korleis skal ein få samla eit mannskap her?

Vervaren

Mine barn er ikkje for krigshandverket.

Mor Courage





Du har utført ein heltedåd, og gjort det for Gud, det du har gjort, i ein religionskrig, det set eg særleg stor pris på ved deg. Vi har kome for å frelse sjelene deira, og kva gjer dei? Driv bort krøtera sine for oss.


Feltherren



Slike som oss kan ikkje vera stolte.

*Drit må ein kunne svegje,
elles ber det rett utfor.*

Yvette



*Ein merkar, det er for lenge sidan det har vore krig her.
Kor skal moralen koma frå da? Nei, fred er slurv og rot,
det er krigen som skaper orden.*

Sersjanten



TALE PÅ DEN 1. INTERNASJONALE FORFATTARKONGRESSEN TIL FORSVAR AV KULTUREN EI NØDVENDIG KONSTATERING I KAMPEN MOT BARBARIET

Bertolt Brecht, juni 1935, ein nedkorta versjon

Kameratar, eg vil gjerne, utan å seie noko særleg nytt, seie litt om korleis ein kan kjempe mot dei maktene som i dag har sett seg føre å drukne den vestelege kulturen i blod og smuss, eller dei restane av kultur som eit hundreår med utbytting har overlata til oss.

La gå med at ein blir opprørt, det er ikkje så vanskeleg. Men så kjem det med å halde bøddelhanda tilbake, og det er straks verre. Ein kjenner sinne, motstandaren er utpeikt, men korleis får ein felt han? Forfattaren kan seie: Det er mi oppgåve å peike på uretten, og så kan han overlata resten til lesaren. Men så vil forfattaren merke noko underleg: Han vil oppdage at harme like fullt som medkjensle er noko kvantitativt, det finst i ei viss mengd og kan ta slutt. Og det verste er at det tek slutt etter som det blir stadig meir naudsynt. Kameratar har fortalt meg dette: Då vi første gongen fortalde at vennene vår var blitt slakta, reiste det seg eit skrik av redsle, og mange kom til og ville hjelpe.

Den gongen dreia det seg om hundretal. Men då tusenvís var blitt slakta, og nedslaktinga aldri ville ta slutt, la det seg ei stille, og berre få hjelpte. Sanneleg: Når brotsverka hopar seg opp, ser ein dei ikkje lenger. Ein enkelt blir råka av slaget, og den som ser det, kjenner seg avmektig. Når ugjeringane fell som regnet, ropar ingen lenger stans? Finst det ikkje noko middel for å hindre menneska i å snu

ryggen til redslene? Dei snur ryggen til fordi dei ikkje finn nokon utveg til å gripe inn. Folk er ikkje opptekne av andres liding når dei ikkje kan hjelpe. Kvifor blir kulturen kasta over bord som overflødig ballast, den resten av kultur som vi framleis har att, kvifor blir livet til millionar av menneske, dei aller fleste menneske, så forarma, fattig, halvt eller heilt øydelagt?

Somme av oss svarar på dette spørsmålet. Dei svarar: På grunn av råskap og brutalitet. Dei forstår sjølvsagt godt at eit slikt svar ikkje rekk langt. Og dei har også sjølve ei kjensle av at ein ikkje bør framstille brutaliteten som ei naturkraft, ei uovervinneleg makt frå helvetesdjupet.

Derfor talar dei om den forsømte oppsedinga av menneskeslekta. Noko er blitt forsømt, eller også har ein i farten ikkje hatt tid til det. Nå må ein ta inn att det forsømte. Mot brutalitet og råskap må ein setje godheit. Men godheit kjem ikkje som resultat av oppmodingar om å vere god, god under alle forhold, jamvel dei verste, liksom brutaliteten ikkje kjem av brutalitet.

»



Sjølv trur eg ikkje brutalitet kjem fordi folk ønskjer å vere brutale. Vi bør verne menneska mot skuldinga for også å vere brutal, jamvel om det ikkje var så god forretning; det er ei vittig fordreining når min venn Feuchtwanger seier at «Gemeinheit geht vor Eigennutz» ('vondskap går føre eigen-nytte') – men han har ikkje rett. Brutaliteten kjem ikkje av brutalitet, men av dei forretningane som ikkje lenger kan drivast utan den. Vi har i vår tid i dei fleste land i verda sosiale forhold der brotsverk av alle slag blir høgt premierte, mens det kostar dyrt å vere dydig.

Kameratar, la oss tenkje over kva som er rota til det vonde!

Ei stor lære som ennå er svært ny, men som grip stadig større menneskemassar i verda, seier at rota til alt vondt er eigedomsforholda våre. Denne læra, enkel som alle store lærer, har gripe dei menneskemassane som lid mest under dei rådande eigedomsforholda og dei barbariske metodane som blir brukte til å forsvare dei. Denne læra blir sett ut i livet i eit land som omfattar ein sjettedel av jordkloden, der dei undertrykte og eigedomsause har gripe makta. Der skjer det ikkje lenger noka øydelegging av næringsmiddel og inga øydelegging av kultur.

Mange av oss forfattarar som har opplevd redslene under fascismen og er sjokkerte over dei, har ennå ikkje forstått denne læra, mange har ennå ikkje oppdaga rota til den brutaliteten som vekkjer redsla hos dei. Hos dei er det framleis fare for at dei ser på illgjerningar som unødvendige illgjerningar.

Dei held fast ved eigedomsforholda fordi dei trur at fascismens illgjerningar ikkje er nødvendige for å forsvare dei. Men desse illgjerningane er nødvendige for å halde ved lag dei rådande eigedomsforholda. I denne samanhengen lyg ikkje fascistane, men seier den reine sanninga.

Dei som har vore på leiting etter rota til det vonde og har støytt på eigedomsforholda, har gått djupare og djupare ned i eit inferno av redsler som ligg stadig djupare, heilt til dei har nådd dit der ei lita gruppe av manneætta har forankra si nådelause herskarmakt. Dei har forankra denne makta i den eigedomsretten for den enkelte som tener til utbytting av medmenneske.

Kameratar, la oss snakke om eigedomsforholda!


Omsett frå dansk av Arne Torp.





Du narra deg sjølv den dagen du vart soldat

Mor Courage



*Skulda har krigen, han vender det
lågaste i menneske til det øvste*

Feltpresten

*Ver glad du er stum, da motseier du aldri deg sjølv.
Det er ei Guds g ve   vera stum.*

Mor Courage





MOR COURAGE & CO

av Anette H. Storeide, førsteamanuensis i Europeisk og tysk kulturhistorie ved NTNU, Trondheim.

«Berlin, skrothaugen ved Potsdam», noterte Brecht i arbeidsjournalen sin då han kom tilbake til den krigsherja byen hausten 1948. Brecht flykta frå Tyskland ein månad etter at nazistane tok over makta i 1933 og levde 15 år i eksil, sist i USA. Dei mange og lange eksilåra var samtidig ein svært produktiv fase for Brecht, der han skreiv stykke som blir rekna som dei viktigaste verka hans, mellom andre *Mor Courage og barna hennar*. Stykket hadde urpremiere i Zürich i 1941, men Brecht var ikkje nøgd med mottakinga og arbeidde vidare med teksten. *Mor Courage og barna hennar* vart det fyrste stykket Brecht oppførte etter at han kom tilbake frå eksil, og stykket hadde premiere på Deutsches Theater i Aust-Berlin i 1949. Dei store øydeleggingane frå andre verdskrigen var framleis synlege over alt: «Dei fillete kledda på scena likna dei fillete kledda i tilskodarsalen [...] Dei som var komne, kom frå ruinar og gjekk heim til ruinar», skreiv Brecht i arbeidsjournalen etter framsyninga. Tilskodarane kjende sjølv til dei sosiale verknadene av krig, og historia om den handelsreisande mor Courage og dei tre barna hennar under Trettiårskrigen (1618-1648) var nok ikkje vanskeleg å forstå i ruinbyen Berlin fire år etter at andre verdskrigen var over.

Mor Courage heitte egentleg Anna Fierling, men fekk tilnamnet mor Courage fordi ho ein gong trassa geværelsen i Riga med handelsvogna si for å unngå konkurs. I vogna hadde ho femti brød som var i ferd med å mygla, og ho risikerte heller livet for å få selt dei enn å tape alle pengane sine. Namnet mor Courage

fekk ho altså fordi ho sette eigen profitt føre sitt eige liv. Gjer mor Courage berre det beste ho kan for å klare seg under dei brutale forholda som rår? Er kynismen hennar nødvendig for å overleve? Eller er ho ein knallhard krigsprofitør som er meir opptatt av å drive handel enn å ha omsorg for barna sine?

For Brecht var bruken av historiske hendingar ein måte å diskutere samtida og aktuelle samfunnstema på. Under Trettiårskrigen la gruelege krigshandlingar, hungersnaud og pest store landområde aude, og krigen fekk omfattande sosiale og økonomiske følgjer for Europa. Ved å legge handlinga i *Mor Courage og barna hennar* til Trettiårskrigen framheva Brecht at ingenting hadde endra seg: «Råskap kjem ikkje frå råskap, men frå transaksjonane som ikkje kan gjerast utan», skreiv Brecht i Aufsätze über den Faschismus (1933-39). For Brecht var krig ganske enkelt ei vidareføring av handel og transaksjonar med andre middel. Og så lenge råskapen og kynismen lønner seg, lærer menneska ingenting av liding og øydeleggingar, då vil krig, konkurranse og umenneskelege forhold haldast oppe.

Jakta på eiga vinning og eigne gode hindrar mor Courage og oss andre i å leve i ei fredeleg og rettferdig verd, ifølgje Brecht, og stykket om mor Courage skulle gjere tilskodarane merksame på dette. Tilnamnet mor Courage er ironisk meint, for Brecht teikna ikkje mor Courage som eit positivt førebilete. Så lenge den reine pragmatismen får dominere, så lenge handel er handel og profitt

er det einaste som tel, skjer det heller inga forbetring av forholda, då blir fred berre ein pause mellom krigar. «Krig er berre handel», seier mor Courage, «i staden for med ost er det med bly». Store delar av norsk industri og næringsliv tenkte tydelegvis det same då Tyskland okkuperte Noreg i 1940. Administrasjonsrådet var opptatt av å sikre forsyningssituasjonen i landet og å unngå massearbeidsløyse. Parolen blei at «hjula måtte haldast i gang». Men kor gjekk grensa mellom å halde næringslivet og industrien oppe og å yte utilbørleg bistand til fienden?

Sjansen til å produsere billeg vasskraft gjorde det attraktivt å etablere kraftkrevjande industri som lettmetallproduksjon i Noreg, noko Luftwaffe-sjefen Herman Göring nytta høvet til. Görings lettmetallprosjekt vart det største tyske industriprosjektet i Noreg under okkupasjonen, når ein ser bort frå dei militærstrategiske festningsanlegga. Lettmetallet skulle brukast til ei kraftig utviding av det tyske flyvåpenet. På norsk side vart dei tyske planane positivt mottekne. Både Norsk Aluminium Company (NACO), den største aluminiumsprodusenten i Noreg i 1940, og Norsk Hydro reagerte med stor velvilje på sjansen til vidare industriutvikling. Norsk Hydro hadde i over 20 år forsøkt å etablere seg som lettmetallprodusent utan å lykkast, med Görings lettmetallprosjekt endra dette seg. At det tyske lettmetallprosjektet var ein del av tysk rustningsindustri som skulle bidra til å produsere fleire krigsfly for Nazi-Tyskland, såg ikkje ut til å uroe nordmennene nemneverdig. Norsk Hydro fekk dessutan auka omsetnad på eitt anna produkt; tungtvatn.

For å finansiere deltakinga i lettmetallprosjektet måtte Norsk Hydro i 1941 utvide aksjekapitalen. Ei norsk investorgruppe – Oslo-konsortiet – med skipsreiar Thomas Fearnley i spissen, nytta høvet til å kjøpe seg inn i selskapet for å auke den norske eigarandelen, noko Hydro lenge hadde ønskt. At dette skjedde for å gjere selskapet til rustningsprodusent og bidrog til å leggje selskapet under tysk kontroll, tenkte ein ikkje over. Deltakarane i Oslo-konsortiet var kjende og velsituerte personar i norsk nærings- og samfunnsliv, fleire av dei frå familiar og selskap som utgjorde grunnstammen i industrialiseringa av Noreg. I tillegg til Thomas Fearnleys familieselskap Fearnley & Eger deltok Orkla (som også kjøpte aksjar på vegner av den svenske bankierfamilien Wallenberg), Fred. Olsen, Norsk Sprængstofindustri, Storebrand, A. F. Klaveness, Johan H. Andresen, F. M. Treschow, Bjarne Eriksen, Jens P. Heyerdahl og Christopher Kahrs Kielland i konsortiet.

Også Kongsberg Våpenfabrikk bidrog til den tyske rustningsindustrien. Kongsberg Våpenfabrikk produserte fyrst og fremst luftvernkanonar for den tyske stridsmakta, men også andre våpen. Tyskland var den største kunden til den norske våpenfabrikken under andre verdskrigen. Den tyske okkupasjonsmakta sette i gang ei omfattande utbygging av vegar, jernbanenett, flyplassar, festningsanlegg og militærleirar. Dei tyske prosjekta gav god sysselsetjing for norske entreprenørar og andre interesserte. Statens Vegvesen samarbeidde med okkupasjonsmakta om bygging av vegar. På anlegga vart også sovjetiske og jugoslaviske fangar sette i tvangsarbeid under særst harde kår. Store delar av Nordlandsbanen vart bygd på tysk initiativ og med NSB som samarbeidspartner. Også desse arbeida skjedde med utstrekkt bruk av tvangsarbeid.

Under den tyske okkupasjonen av Noreg vart det bygd fabrikkar, kraftanlegg og flyplassar, og veg- og jernbanenettet vart utvida. Etter at krigen var over, vart anlegga overtekne av Norsk Hydro, NSB, Statens Vegvesen og andre. Verken NACO eller Norsk Hydro vart tiltalte for medverka i lettmetallprosjektet, og Oslo-konsortiet fekk behalde aksjane sine. Dei tyske lettmetall-planane vart no til dels vidareførte av den norske staten. Først og fremst vart Årdal og Sunndal Verk ein av berebjelkane i den industrielle gjenoppbygginga og i etableringa av den norske velferdsstaten. Dei mange sovjetiske og jugoslaviske krigsfangane som vart grovt utnytta som tvangsarbeidarar på lettmetall-anlegg, jernbanestrekningar og vegnett, vart gløynde. Fred betyr ruin, seier mor Courage; for norske aktørar kom freden i 1945 berre til å bety enda større utbytte på krigsinvesteringane.

Når ein ser nærmare på norsk industri og næringsliv under okkupasjonen, finn ein mange eksempel på at «handel var handel». Ein kan sjølv sagt ikkje sjå bort frå at okkupasjonen i seg sjølv var ein tvangssituasjon for landet, og skulle Noreg haldast i gang, kunne ein ikkje unngå all kontakt og samhandel med tyske aktørar. Men det er forskjell på å halde forsyninga av landet oppe og å vere med på velvillige investeringar i tysk rustningsindustri, slik til dømes Norsk Hydro stod for. Det er også stor forskjell på å ville unngå norsk arbeidsløysing og det å gjere bruk av utan-landske krigsfangar som heilt openbert vart behandla på ein svært brutal måte, slik både NSB og Statens Vegvesen medverka til. Når ein samanliknar norske krigsprofitørar med mor Courage, finn ein den same pragmatiske haldninga. Berre eit fåtal av dei norske krigsprofitørane var nazistar. Det var ikkje politisk og ideologisk sympati med Nazi-Tyskland som skapte

norske krigsprofitørar, men ei pragmatisk haldning til at handel er handel: Tysk okkupasjon skapte nye sjansar for produksjon-sauke, produktutvikling og teknologiske nyvinningar. Er eit slikt skilje mellom økonomi og politikk mogeleg? Nei, meiner Brecht, og så lenge denne haldninga dominerer, vil verda heller ikkje endre seg.

Mor Courage og borna hennar er Bertolt Brecht sitt mest spelte stykke, og er like aktuelt i dag som då det vart til. Så lenge pragmatiske haldningar får rå grunnen, vil råskapen halde fram. For kan ein drive storstilt våpenproduksjon og på same tid påstå at ein kjempar for fred? Samsvarar Noregs sjølvbilete som fredsnasjon med vår rolle som våpeneksportør? Kan ein gå til krig for å skape fred, eller vil fred då alltid vere ein pause mellom krigar, som i Brechts stykke?

Anette H. Storeide er forfattar av *Norske krigsprofitørar*.

Nazi-Tysklands velvillige medløpere, som blei utgitt på

Gyldendal Norsk Forlag i 2014.






Eg er ikkje redd nokon krig.


Eilif

*I det store og heile må ein nok seia, at siger og nederlag
kostar dyrt for vanlege folk. Det beste for oss er når
politikken ikkje riktig kjem av flekken.*

Mor Courage











*Vi er skikkelege folk, stel ikkje, myrdar ikkje, set ikkje
fyr på! Og slik kan ein seia at vi søkk stadig djupare.*

*For dygdene løner seg ikkje, berre vondskapen,
slik er verda og burde ikkje vera slik.*


Mor Courage





Korleis skal det bli krig utan soldatar?

Sersjanten





*Av og til er det som om eg ser meg sjølv kjøre gjennom helvete med vogna mi.
Om eg fann ein stad til meg og barna, der det ikkje blir skote og herja rundt oss,
så vil eg gjerne ha eit par rolege år til.*

Mor Courage

KVA KOSTAR JARNET ?

Utdrag frå Bertolt Brechts teaterfragment om skandinavisk nøytralitet 1938-39.

Herren: I går natt blei grannen vår, Fru Tjeck, overfallen av ein tungt væpna mann, han der Herr H, og myrda og rana. I går kveld kom det plutseleg eit skrik om hjelp frå huset hennar. Vi gjekk til huset til det ulykkelege mennesket og fann henne i ein heftig dispuTT med han der Herr H. Han kravde noko frå henne, som han sa tilhørde ein slektning av han, og vi rådde henne til å avstå det til han, viss han til gjengjeld lova å la henne vere i fred for framtida. Ho var einig og han lova. Men det verkar som om han har kome tilbake seinare på natta og har berre myrda det stakkars mennesket. Nå gjeld det å få alle grannar til å slutta seg saman i ei allianse, som kan syta for at slikt noko ikkje skjer igjen. Og no spør vi også deg om du vil gå med i ein slik allianse for å oppretthalda orden og skriva namnet ditt på denne lista.

Svensson: Ja, men eg er jo berre ein liten jarnvarehandlar. Eg kan ikkje blanda meg inn i kampene mellom dei store firma. Om eg gjekk med i ein slik allianse så kunne kanskje nokon av kundane mine bli irriterte.

Herren: Du meiner at han der Herr H ikkje lengre vil kjøpa jarnet ditt om du vart med i vårt fredsallianse, som garanterer sikkerheita for deg og alle andre?

Svensson: Han treng sjølvsagt jarnet mitt. Eg veit verkeleg ikkje kva han lagar av det...

Dama elskeleg: Maskingevær!

Svensson: Som sagt, eg veit ikkje, men han skulle vel vore tvunge til å kjøpa det då og. Men som sagt, han kunne komma til å hissa seg opp, og eg er no eingong fredeleg laga. Ærleg talt så ventar eg han kvart augeblikk, og eg vil helst ikkje at han treffer på dykk i min butikk. Han er nemleg svært nærtakande og enormt lett å krenka. Ver så snill å...

Inn kjem kunden, ei kasse under armen.


Kunden: Du er jarnhandlar og ikkje politikar, Svensson. Du sel jarnet ditt til den som betalar for det. Og eg kjøper det av deg, fordi eg likar deg og fordi eg ser at du lever av butikken din.

Omsett frå tysk av Mari Moen.




Verda døyrt ut.

Kokken



REGISSØR Lars-Ole Walburg (f. 1965, Rostock, DDR) er kjend for å utforske etiske spørsmål i stykka han set opp og han ønskjer å nytte teatret som ein moralsk institusjon. Vegen til teateret har gått gjennom frivillig arbeid i aust-tysk TV og studiar i teatervitskap og germanistikk ved Freie Universität. Han var med å starte teaterkompaniet THEATER AFFEKT, arbeidde som journalist i diverse kulturprogram og magasin før han i 1993 tok til å jobbe som dramaturg og regissør. Etter dette arbeidde han ved fleire av dei største teatra i Tyskland, og i 1999 utropte Berlin Theatertreffen han til beste juniorregissør. Walburg har uroppført nesten alle stykka til dramatikaren Lukas Bärfuss. Skodespelaren er det sentrale elementet i oppsetjingane hans. Medan han var teatersjef ved Theater Basel i tida 2003-06, forma han ensemblet der til å bli eitt av dei beste tyskspråklege kompania, og han viste korleis ein kan bruke teatret som eit instrument for å spegle samfunnet. Sidan 2009 har han vore teatersjef og regissør ved Schauspiel Hannover.



SCENOGRAF Robert Schweer (f. 1968, Berlin) er utdanna innan teater- og sceneteknikk. Fram til 1998 var han produksjonsleiar ved teateret i Basel, og etter dette har han hatt ansvaret for scenografien i oppsetjingar med regissørar som Stephan Rottkamp og Markus Bothe ved Thalia Theater i Hamburg, Münchener Kammerspiele, Schauspielhaus Zürich, Schauspiel Frankfurt, Hamburg og Düsseldorf, Residenz-teatret, Oper Köln og ved Deutsche Oper i Berlin. Sidan 2002 har han regelmessig samarbeidd med Lars-Ole Walburg.




KOSTYMEDESIGNAR Nina Gundlach

(f. 1972, Berlin) er utdanna skreddar og har studert kostyme ved fagskolen for media, informasjon og design i Hannover. Sidan 2005 har ho arbeidd frilans som kostymedesignar for teater, danseoppsetjingar og film, til dømes ved Wiener Burgtheater, Volksbühne, for stiftinga Neuhausen, Residenz-teatret i München og Schauspielhaus Zürich. Der har ho jobba med regissørar som Jürgen Kuttner, Volker Schlöndorff, B.K. Tragelehn, Meg Stuart og Michael Höppner. Ho har sidan 2002 jobba regelmessig med Lars-Olge Walburg i Hannover.



LYSDESIGNAR Heiko Wachs

(f. 1960, Dresden, DDR) har arbeidd som lysteknikar sidan 1983, og frå 1989 har han vore lysteknikar, lysmeister og lysdesignar i Hannover. Sidan Lars-Ole Walburg i 2009 overtok som sjef ved Staatstheater Hannover, har Heiko Wachs vore leiar for lysanlegget ved teateret.



KOMPONIST Morten Bergeton Iversen

aka Teloch (f. 1974, Horten) er sjølvlært gitarist og bassist og jobbar innanfor sjangeren svartmetall. I dag spelar han gitar i det myteomspunne bandet Mayhem og har laga all musikken til bandets siste album, Esoteric Warfare. Han er også gitarist og bassist i bandet Nidingr (sidan 1996) og Umoral (frå 2007), gitarist i NunFuckRitual (sidan 2007) og The Konsortium (frå 2009). Han har også vore innom andre kjende metallband som Gorgoroth og 1349.








*Enda godt dei lar meg drive med kjøp og sal.
Ein som driv med kjøp og sal blir ikkje spurt
om trua si, men om prisen.*


Mor Courage

Vanlege folk treng courage. Dei må vera bødlar for kvarandre og slakte kvarandre ned. Når dei da skal sjå kvarandre i auga, trengst det courage.

Mor Courage







*For meg er det ei historisk augeblink at dei har hogge
dotter mi i andletet. Ho er alt halvt øydelagd, ein mann
får ho ikkje lenger, og så ho som er så galen etter ungar.
Sveitserosten er gått i hundane, og kor Eilif er, det veit
Gud. Forbanna vera krigen.*

Mor Courage





MAKING WAVES 

 DETNORSKE

 OBOS

www.detnorsketeatret.no
BILLETTLUKA: 22 42 43 44